

# OPPSTART AV PLANARBEID

I medhald av plan- og bygningslova §§ 12-1 og 12-8 varslast oppstart av privat detaljregulering for:

## ÅFJORDEN BÅTHAMN, SØRBØVÅG HYLLESTAD KOMMUNE



Planen har ID 2021001.

Tiltakshavar er Åfjorden Båtlag.

Stracon AS er utførande konsulent.

Formålet med planen er å utvide eksisterande småbåthamn i Sørbøvåg. Utvidinga vil gje opp mot 100 nye båtplassar. Samstundes vil tiltaket avlaste dei indre delane av sjøområdet på staden.

Planområdet utgjer om lag 41 daa. I kommuneplanen si arealdel er planområdet avsett til sentrumsformål men underlagt restriksjonsområde «område unntatt frå rettsverknad». Dette tyder at det er områdereguleringa med planid 2004002 som er gjeldande plan. I denne planen er arealformåla grøntstruktur, hamneområde i sjø og lässettingsplass.

Naboar, grunneigarar og diverse instansar blir varsle med brev direkte.

Det vert samstundes invitert til folkemøte i grendahuset Vonheim den **10.02.22, kl 18.30**. I folkemøtet vert det gjeve meir utfyllande informasjon om planane og mogelegheit for å kome med innspel og merknadar.

Oppstartsmeldinga, referat frå oppstartsmøte og seinare referat frå folkemøtet kan sjåast på Stracon si heimeside:

<http://www.stracon.no/kunngjoringer> og på kommunen si heimeside: <https://www.hyllestad.kommune.no/kunngjeringar/>  
Merknader som kan ha verknad for planarbeidet kan sendast via e-post: [post@stracon.no](mailto:post@stracon.no), eller til:

Stracon AS, Leirvikflaten 15b, 5179 Godvik.

Merkast «**7277 – Detaljregulering Åfjorden Båthamn**».

Frist for merknader er sett til **25.02.22**

Alle mottekne dokument vil følgje planforslaget når dette blir sendt kommunen for handsaming og vedtak.

Nærmore informasjon om planarbeidet kan ein få hos Stracon AS.

